



Referat frå møtet 07.05.2025, veke 19

Emnet for rotarymøtet denne kvelden var **Frivillighet for andre**, med fem elevar fra Bamble ungdomsskole – Emily Berentsen, Sara og Linnea Hestholm Hillersøy, Hanna Aakre Brennhovd og Maria Thorsen – i lag med læraren deira, Cecilie Sørensen.



I tillegg var 18 medlemmer til stades, om referenten talde heilt rett. President Eva kunne fortelje at det ikkje var nokon fødseldagar denne veka, så vi kunne straks gå over til Tigrisinnlegga. Espen Hoell fortalde om 1. mai i Folldal, mens Per Morten Hansen informerte om det opne møtet om Ukraina 21. mai på Sentrum Scene, Storgata 8, Langesund.

Så slapp gjestene til. Sidan 2023 har **Innsats for andre** vore eit valfag ved Bamble ungdomsskole, på initiativ frå lektor Cecilie Sørensen. Faget skal gi elevane praktisk røynsle med frivilligheit, gi dei høve til å gjere noko for andre og for fellesskapen og gjere dei medvitne om den sosiale verdien til slikt arbeid. Målet er òg å skape aktive medborgarar som bidrar til eit inkluderande samfunn.

Dei fortalde oss om noko av arbeidet dei har vore med på, frå Vaffeldagen, påskeeggjakt i Langesund, Regnbuen på Heistad, innsamling til Redd Barna, Redd Dyra og TV-aksjonen, Omvendt Julenisse, besøk i barnehage, SFO og Krogshavn omsorgssenter. Alt dette har gitt dei lyst til å engasjere seg i frivillig arbeid i framtida. Dei har fått mykje skryt og gode tilbakemeldingar på alt dei har gjort. Lektor Cecilie skal gi elevane karakter, og det er ei utfordring. Noko hjelp får ho av at kvar elev må føre ein logg, som ho granskar.

Det var mange positive kommentarar frå forsamlinga. Gjennomgangstemaet var at desse elevane får gode føresetnader for å bli rotaryanarar ein gong i framtida. Motto for Rotary er **Å gagne andre**, så dette er midt i blinken. — Da dei var gått, heldt samtalen fram. Skal vi invitere dei til *Rotarylekene* i framtida? Er det ein idé å støtte faget økonomisk, til dømes med *District Grant*?

Dette var det siste møtet på hotellet i presidentperioden til Eva.

Langesund,
20. mai 2025.
Rolf Theil